



## Veke 34, 24. august 2022

Ikkje mindre enn 25 var til stades på møtet denne kvelden - 16 medlemmer pluss foredragshaldaren Rolf Eidem og åtte gjester - Elisabeth Heimdal, Øyvind Midtgaard, Jan Erik Nielsen, Jan M. Olaisen, Ellen Karin Langeland Rygg, Birger Stamsø og Bjørg Stamsø (kona til foredragshaldaren).

President Anne Wiik Stamsø opna møtet med det underfundige diktet «Alle elefanter» av Inger Hagerup, frå boka *Så rart. Barnevers* (Oslo 1970), illustrert av Paul René Gauguin – sjå neste side. Helge Martin Grande hadde bursdag 21. august, og presidenten sjølv har bursdag 26. august. I eit lite lite Tigris-innlegg helsa Edrund Olaisen frå Halvor Thommesen, som no ligg på sjukehuset.

Presidenten minte om [Rotary Leadership Institute](#), som Distrikt 2290 arrangerer i haust, med dag-samling tre laurdagar - 08.10., 05.11. og 26.11. - på [Heimat](#), Brokelandsheia. Påmeldingsfristen er 10. september; les meir [her](#).



Så slapp Rolf Eidem til med eit interessant foredrag om livet sitt i redningstenesta med helikopter.

Interessa for flyging begynte i oppveksten på Gardermoen, der han alt i tenåra heldt på med seglfly og motorfly i Gardermoen flyklubb. Militærtjenesta blei sjølvsgatt avtrent i luftforsvaret, med flyskole på Værnes. I 1977-1978 gjekk han på flyskolen til den amerikanske hæren i Fort Rucker, Alabama. I 1983 gjekk han over frå militær til sivil teneste.

Eidem fortalde mykje interessant om utviklinga av helikopteret, og viste oss bilde av ulike variantar, sjølvsgatt med ein stadig betre kvalitet. Noreg fekk sitt første militære helikopter i 1947, Bell 47 D-1.

Eidem har vore med på mange dramatiske redningsaksjonar, ikkje minst «Aleksander Kielland»-ulykka 27. mars 1980, da han var med det første redningshelikopteret som nådde fram til plattformen. Som kjent omkom 123 menneske.

Kona Bjørg hadde fleire innspel, til dømes om korleis det er å sitje heime når mannen er ute i farlege oppdrag. Rolf er no pensjonist, og brukar mellom anna tida si på «Fana Mini Flymuseum» og bilar.

Rolf Theil, Langesund, 25.08.22



## Alle elefanter

Alle elefanter  
i byen Gøteborg  
går med sorte vanter  
når de bærer sorg.

Alle kenguruer  
i byen Odense  
bærer alpeluer  
når de drikker te.



Alle krokodiller  
i byen Kragerø  
bruger mørke briller  
når de måker snø.

Og —

alle papegøyer  
i byen København  
skifter undertrøyer  
foran fastelavn!

